

”Varden” 23.01.2017

Sigurd Skirbekk

Økologi – berre ein teori om mangfald ?

Vinje mot Bjørnson

Den aktuelle striden om felling av ulv har fleire dimensjonar ved seg enn dei reint økonomiske: tap av næringsgrunnlag mot storleik på erstatningar. Striden har innslag av ulik vektlegging av teoriar om mangfaldet i naturen. Dei som ynskjer fleire ulver i naturen kan sjå dette som uttrykk for eit økologisk prinsipp. På motsett side kan vi finna folk som kjenner seg innestengt av det som blir kalla økologiske prinsipp. Her finn vi folk som ikkje torer la ungane sine gå ut utan oppsyn. Kanskje ikkje fordi dei fryktar at ulven skal gå til åtak, men fordi ungane kan skal bli skremde ved å sjå eller høyra ulv eller ved å oppleve ihjelbiten sau.

Striden har innslag av motsetningar mellom by og bygd, mellom Oslo (Oslofjordområdet) og Glåmdalen (Østerdalen og Solør), mellom distrikt i ”ulvesonen” og folk utanfor denne. Her dreier det seg ikkje berre om ein interessekonflikt. Det er snakk om ulike syn på husdyr og andre dyr, anten det dreier seg om geit eller sau, ulv eller bjørn.

Denne motsetninga er ikkje av ny dato. Den kan illustrerast av ein strid mellom Bjørnstjerne Bjørnson og Åsmund Olavson Vinje. For vel hundreogfemti år sida gav Bjørnson ut eit dikt som etter første strofe seinare har vorte kjent som *Killebukken, lammet mitt*, og lyder slik:

Killebukken, lammet mitt,
skjønt det ofte går tungt og stridt
oppetter slette fjellet,
følg du vakkert din bjelle.

Killebukken, lammet mitt,
pass så dyktig på skinnet ditt,
mor vil ha det i fellen
som hun syr seg om kvelden.

Killebukken, lammet mitt,
legg så dyktig på kjøttet ditt
vet du det ikke, tuppen,
mor vil ha deg i suppen,

Diktet er prega av ei humoristisk undertone, som heng saman med eit heller distansert forhold til bukken: ”vet du det ikke tuppen, mor vil ha deg i suppen”.

Eit slikt syn på bondens forhold til husdyra sine gjorde Vinje harm: Då han skreiv diktet *Blåmann, Blåmann* var det meint som eit ”motdikt” til det Bjørnsonske synet. Diktet lyder slik:

**Blåmann, Blåmann, bukken min
tenk på vesle guten din**

**Bjørnen med sin lodne feld
kan deg taka seint i kveld.**

**Gamle Lykle moder di
seint kom heim med bjølla si.
Så ikring seg ho mun sjå
liksom det var fåre på.**

**Det såg ut som det var naud,
kanskje no du ligger daud.
Titt du dansa kringom meg,
mangt eg rødde då med deg.**

**Når eg låg som blind og dauv,
grov du på meg med di klauv,
ja du vilde vekkja meg
upp til leiken din med deg.**

**Du var sprek og glad og god.
all min ros du vel forstod.
Titt du veit eg sa til deg:
"Han veit meir enn mata seg"**

**Blåmann, Blåmann, svar meg no
mekre med ditt kjente ljod!
Ikkje enno, Blåmann min,
må du døy frå guten din**

Grunntonen i diktet til Vinje er svært annleis enn det vi finn hos Bjørnson. Guten, det vil seie menneskja, gir her uttrykk for eit medlevande og medlidande forhold til både geitemora Lykle og til eigne minne.

Kan hende er det Vinje sitt syn som alt i alt er mest økologisk, om vi med dette uttrykket meiner at menneskja må sjå seg sjølv som ein del av naturen ikring oss.

Sigurd Skirbekk

Professor emeritus i sosiologi, UiO

